

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 19.09.2012  
Sakhandsamar: **Charlotta Schaefer**  
Saka gjeld: **Utviklinga av psykisk helsevern for barn og unge – ventetider, fristbrot og produktivitet**

**Arkivsak**

2012/468/

**Styresak 128/12 B**

**Styremøte 05.12. 2012**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret tar til orientering at det har vore ei positiv utvikling i alle helseføretaka når det gjeld ventetid til behandling for barn og unge innan psykisk helsevern.
2. Styret er godt nøgd med arbeidet som er gjort i Helse Fonna det siste året, men ser at ein fortsatt ikkje er heilt i mål. Arbeidet med å forhindre fristbrot og redusere ventetidene må fortsatt ha høg prioritet.
3. Helseføretaka må framleis ha fokus på å tilføre psykisk helsevern for barn og unge nødvendig behandlarkapasitet og kompetanse, og sikre ei effektiv utnytting av ressursane.

## Oppsummering

Styresaka gjer greie for status vedrørande ventetider og fristbrot innan psykisk helsevern for barn og unge 0-17 år for 1. tertial 2012, 2. tertial 2012 samt frå september og oktober 2012. Data i saka er henta inn frå helsefagkuben og Norsk Pasientregister.

Det er innhenta opplysningar frå SAMDATA rapporten 2011 når det gjeld aktivitet/produktivitet og årsverk.

Det har i hovudsak vore ei positiv utvikling i Helse Vest i 2012. Gjennomsnittleg ventetid for prioriterte pasientar i psykisk helsevern for barn og unge har gått ned i 2012 og ligg per oktober på 41 dagar. Gjennomsnittleg ventetid i Helse Fonna har hatt ein positiv utvikling i løpet av hausten og ligg per oktober 2012 på 58 dagar for pasientar med prioritet til behandling.

Helse Stavanger er det helseføretak med lågast del fristbrot i psykisk helsevern for barn og unge, og i oktober 2012 var det ikkje meldt om fristbrot i Helse Stavanger. Helse Fonna har flest fristbrot i regionen, men har likevel kraftig redusert delen fristbrot frå 2011 og ligg per oktober 2012 på 31 %.

Det er grunn til framleis å følgje utviklinga knytt til fristbrot, spesielt i Helse Fonna. Det må framleis vere fokus på rekruttering av nok behandlarar og på organisering av tenesta slik at ventetida blir redusert og fristbrot ikkje skjer.

## Fakta

Styret i Helse Vest behandla sak om helseføretaka sin oppfølging av internrevisjon i styrkesak 109/09 B. I styresak 093/10 B blei det gjort greie for status og helseføretaka sin oppfølging av ventetidsgarantien. I styresak 061/11 B blei det gjort greie for ventetider og fristbrot i helseføretaka.

I samband med tilsyn med Helse Vest RHF frå Fylkesmannen i Hordaland, gav helseføretaka opplysningar om kva tiltak som blei sett i verk for å redusere ventetider og unngå fristbrot. Dette blei det gjort greie for i styresak 15/12 B. Tilsynssaka er ikkje avslutta. Fylkesmannen i Hordaland har bedt Helse Vest RHF om ny tilbakemelding om utviklinga av ventetider og fristbrot innan 15. januar 2013.

Det blir her gjort greie for utviklinga vedkommande ventetider frå 1. og 2. tertial 2012, og fristbrot frå 1. og 2. tertial 2012, samt frå september og oktober 2012.

Det blir og gjort greie for aktivitet og produktivitet, og status for årsverk i det einskilde helseføretak for 2011.

## Kommentarar

### 1. Oppsummering styresak 15/12 B

Styresak 015/12 B viste at det hadde vore ei positiv utvikling i tre av helseføretaka når det gjeld fristbrot, ventetid til behandling og å innfri ventetidsgarantien i 2011. Det var framleis store utfordringar i Helse Fonna.

Tre av helseføretaka hadde ei gjennomsnittleg ventetid for prioriterte på omkring 40 dagar. Helse Fonna hadde ein kraftig reduksjon på 25 dagar i 2011 i ventetid til behandling, men hadde likevel ei ventetid på 84 dagar for dei med prioritet.

Talet på fristbrot gjekk ned i Helse Stavanger, men noko opp i Helse Førde og Helse Bergen. Helse Fonna hadde ein auke på 9 % fristbrot frå 1. tertial 2011 til 3. tertial 2011.

Helse Fonna hadde dei største utfordringane, både når det gjaldt ventetid til behandling, fristbrot og å innfri ventetidsgarantien. Ei vesentleg årsak til vanskaner var manglande lege- og psykologspesialistar i dei to BUP seksjonane, særleg ved BUP Stord/Kvinnherad.

Det blei laga ein tiltaksplan i Helse Fonna, for å få ned prosentdelen fristbrot og dei lange ventetidene. Eit viktig tiltak var blant anna å etablere kveldspoliklinikk både ved BUP Haugesund og BUP Stord frå november 2011. Eit anna tiltak var å innføre felles inntaksmøte ved dei to BUP – einingane for å sikre lik praksis og styrke det faglege samarbeidet.

Det var tildelt to nye legeheimlar, ein overlegeheimel ved BUP Haugesund og ein LIS-heimel ved BUP Stord/Kvinnherad.

## 2. Status i helseføretaka

### 2.1 Aktivitet, produktivitet og årsverk

Tal frå SAMDATA 2011 viser utviklinga frå 2010 til 2011 innan psykisk helsevern for barn og unge når det gjeld aktivitet/ produktivitet og årsverk.

Samanlikna med dei andre regionane hadde Helse Vest eit lågare nivå av polikliniske tiltak per pasient og per fagårsverk, mens tal pasientar per fagårsverk tilsvarte landsgjennomsnittet. Nasjonale tal viser at produktiviteten i poliklinikkane i det psykiske helsevern for barn og unge går opp. Helse Vest har likevel ikkje nokon vekst i polikliniske tiltak frå 2010 til 2011. Helse Fonna ligg lågast i regionen når det gjeld polikliniske tiltak per fagårsverk.

Dekningsgraden i 2011 var 4,1 % samla for Helse Vest. For heile landet var dekningsgraden 4,8 %.

Tabellen under viser produktiviteten i psykisk helsevern barn og unge etter helseføretak 2011.

	Sum. pol. tiltak per fagårsverk 2011	Prosent endring 2010-2011	Tal. pas per fagårsverk 2011	Prosent endring 2010-2011
Helse Førde	345	0,0	29	0,0
Helse Bergen	411	-6,8	27	-6,8
Helse Fonna	315	-13,9	30	-5,2
Helse Stavanger	347	-2,5	26	4,6
Direkte under Helse Vest RHF (Betanien)	440	-3,3	30	7,4
Helse Vest	370	-5,3	28	-1,6
Totalt landsgjennomsnitt	455	-6,4	28	-5,9

Tabellen under viser personellinnsats i det psykiske helsevernet for barn og unge i 2011, årsverk per 10 000 innbyggjar, fordelt etter bustadområde. Tal frå SAMDATA-rapporten 2012.

	Årsverk per 10 000 innb. 0-17 år	Prosent av landsgjennomsnittet	Leger	Psykologer
Førde-området	34,1	103		
Bergen-området	26,8	81		
Fonna-området	27,5	83		
Stavanger-området	24,9	75		
Helse Vest	27,0	82	3,2	7,3
Tot. landsgj.snitt	33,1	100	3,2	7,8

Helse Vest ligg framleis lågast i landet når det gjeld årsverk innan psykisk helsevern for barn og unge, men har likevel eit høgare tall årsverk per 10 000 innbyggjare i 2011 samanlikna med 2010. Helse Bergen har dei siste åra prioritert behandlarstillingar i psykisk helsevern for barn og unge i budsjettprosessen, noko dom viser igjen seg i aktivitetsdata for 2011.

Dekkingsgraden av leger og psykologar i psykisk helsevern for barn og unge ligg i 2011 nær landsgjennomsnittet samanlikna med 2010 da Helse Vest lå under landsgjennomsnittet. Det ligg ikkje føre tal frå SAMDATA for det einiskilde helseføretak når det gjeld lege og psykologårsverk.

## 2.2 Vurderingstider, ventetider og fristbrot

**Tabellen under viser prosentdelen pasientar 0-17 innan psykisk helsevern, med tilvisning vurdert seinare enn 10 virkedagar og dei med rett til nødvendig helsehjelp som har venta meir enn 65 virkedagar på behandling. Tal frå helsefagkuben i Helse Vest.**

Helseføretak	1. tertial 2012 Del vurdert seinare enn 10 virkedagar	2. tertial 2012 Del vurdert seinare enn 10 virkedagar	1. tertial 2012 Del venta meir enn 65 virkedagar	2. tertial 2012 Del venta meir enn 65 virkedagar
Helse Førde	4%	2%	0%	4%
Helse Bergen	5%	3%	2%	1%
Helse Fonna	3%	5%	23%	24%
Helse Stavanger	2%	2%	0%	0%
Helse Vest	4%	3%	6%	7%

I Helse Fonna har det vore ei positiv utvikling der både vurdering innan 10 virkedagar og rett til behandling innan 65 virkedagar i høgare grad er innfridd i 2012 enn 2011. Men det er framleis brot på ventetidsgarantien både til vurdering innan 10 virkedagar, og til behandling innan 65 virkedagar. I Helse Stavanger er det ingen pasientar, med rett til nødvendig helsehjelp, som ventar meir enn 65 virkedagar.

**Tabellen under viser brot på frist for seinaste forsvarlege helsehjelp i prosentdel for psykisk helsevern aldersgruppa 0-17 år.**

Helseføretak	1. tertial 2012 Del fristbrot	2. tertial 2012 Del fristbrot
Helse Førde	0 %	3 %
Helse Bergen	7 %	11 %
Helse Fonna	40 %	46 %
Helse Stavanger	2 %	1 %
Helse Vest	10 %	12 %

Tabellen over viser at det har vært ein reduksjon av fristbrot i Helse Stavanger. Helse Førde, Helse Bergen og Helse Fonna har hatt ein oppgang i prosentdelen fristbrot i løpet av sommeren 2012.

**Tabellen under viser brot på frist for seinaste forsvarlege helsehjelp i prosentdel for psykisk helsevern aldersgruppa 0-17 år, for september og oktober 2012.**

Helseføretak	September 2012 Del fristbrot	Oktober 2012 Del fristbrot
Helse Førde	4 %	1 %
Helse Bergen	3 %	2 %
Helse Fonna	35 %	31 %
Helse Stavanger	0 %	0 %
Helse Vest	9 %	8 %

Tala for september og oktober viser at det har vært ein reduksjon av fristbrot i samtlige helseføretak. I Helse Stavanger er det i september og oktober ikkje fristbrot innan psykisk helsevern for barn og unge. Tiltaka som er sett inn for å forhindre fristbrot i Helse Fonna ser ut til å ha effekt, og dei seineste tala frå oktober viser at Helse Fonna har redusert del fristbrot til 31 %.

**Tabellen under viser gjennomsnittleg ventetid i dagar for prioriterte som har starta behandling. Tala gjeld psykisk helsevern for barn og unge 0-17 år med rett til nødvendig helsehjelp.**

Helseføretak	1. tertial 2012 pas. med prioritet	2. tertial 2012 pas. med prioritet
Helse Førde	46	53
Helse Bergen	50	54
Helse Fonna	71	75
Helse Stavanger	44	48
Helse Vest	53	57

Helse Fonna har dei største utfordringane når det gjeld ventetider, men er samstundes det helseføretak som hadde størst reduksjon i ventetid frå 2011 til 2012. Gjennomsnittleg ventetid for dei tre andre helseføretaka ligg i underkant av 50 dagar i 1. tertial 2012. Ventetida gjekk noko opp 2. tertial samanlikna med 1. tertial, grunna ferieavvikling. Status per oktober 2012 er at utviklinga av ventetider i Helse Fonna framleis går i ein positiv retning, med gjennomsnittleg ventetid på under 60 dagar for prioriterte pasientar som har starta behandling.

**Tabellen under viser gjennomsnittleg ventetid i dagar for prioriterte pasientar som har starta behandling, for september og oktober 2012. Tala gjeld psykisk helsevern for barn og unge 0-17 år med rett til nødvendig helsehjelp.**

Helseføretak	September 2012 pas. med prioritet	Oktober 2012 pas. med prioritet
Helse Førde	31	35
Helse Bergen	34	34
Helse Fonna	62	58
Helse Stavanger	32	35
Helse Vest	40	41

Alle helseføretak i Helse Vest har redusert den gjennomsnittlege ventetida for pasientar med rett til nødvendig helsehjelp i løpet av september 2012.

Som oppfølging av tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland av 7. september 2012 er Helse Vest RHF bedt om å gi ei ny tilbakemelding for ventetider, fristbrot og kva tiltak som er sett i verk for å unngå fristbrot, innan 15. januar 2013.

**Tabellen under viser gjennomsnittleg ventetid i dagar samla for både pasientar med og uten prioritert, for september og oktober 2012. Tala gjeld psykisk helsevern for barn og unge 0-17 år med rett til nødvendig helsehjelp.**

Helseføretak	Gj.snittleg ventetid September 2012	Gj.snittleg ventetid Oktober 2012
Helse Førde	47	46
Helse Bergen	63	50
Helse Fonna	66	60
Helse Stavanger	33	33
Helse Vest	52	46

Den gjennomsnittlege ventetida samla har gått ned i Helse Vest i løpet av 2012. Tala frå oktober 2012 viser at barn og unge i Helse Vest i gjennomsnitt venter 46 dagar på behandling til det psykiske helsevern. Del uprioriterte pasientar varierer mellom helseføretaka, der Helse Fonna og Helse Stavanger kjenneteiknes av ein låg del uprioriterte pasientar, og Helse Bergen og Helse Førde kjenneteiknes av ein høgere del uprioriterte pasientar.

## Konklusjon

Tilbodet til barn og unge innan psykisk helsevern er for Helse Vest eit viktig område. Det blir vist til styrande dokument og oppfølginga av helseføretaka. Styret har og jamleg dei siste åra behandla eigne sakar om tilbodet til barn og unge.

Det har i hovudsak vore ei positiv utvikling av ventetider og fristbrot i Helse Vest i 2012. Helseføretaka har ein gjennomsnittleg ventetid for prioriterte på omkring 40 dagar. Helse Fonna har hatt ein kraftig reduksjon i ventetid for prioriterte til behandling, frå 84 dagar i 2011 til 58 dagar oktober 2012.

Tala på fristbrot har gått ned i alle helseføretaka i Helse Vest og i Helse Stavanger er det ikkje fristbrot. Helse Fonna har framleis ein høg del fristbrot men utviklinga går i positiv retning når ein ser på tala for september og oktober 2012.

Tal frå helsefagkuben viser at Helse Fonna har dei største utfordringane, både når det gjeld fristbrot og å innfri ventetidsgarantien. De må likevel seiast at tiltaka som er sett inn for å forhindre fristbrot i Helse Fonna, gjer at utviklinga innan BUP går i rett retning.

Det er grunn til framleis å følgje utviklinga nøye når det gjeld fristbrotproblematikken, særleg i Helse Fonna.